

**FAKTA OM SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE**

Sogn Jord- og Hagebruksskule er eigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune og er landslinje i økologisk landbruk. Her kan du gå Vg2 landbruk og gartnæringsnærings, økologisk og Vg3 landbruk, økologisk.

Skulen driv vidaregåande opplæring i økologisk landbruk og har eit eige ressursenter for formidling av kompetanse og utviklingsprosjekt innanfor økologisk landbruk. Skulen er elles eit kompetansenav for småskalamat i region vest. Skulen har eigen gardsbutikk som fungerer som klasserom for marknadsføring og sal av gardsprodukt.

I alt jobbar det 30 personar på Sogn Jord- og Hagebruksskule fordelt på 22,8 årsverk. Det jobbar 25 personar i undervisninga og fem personar ved ressursenteret og Kompetansenavet Vest.

Skulen har eit tett og aktivt samarbeid og fleire prosjekt med mellom andre Aurland Næringshage, Nærøfjorden Verdsarvpark, Aurland Naturverkstad og Aurland Natur- og kulturarv.

Skulen samarbeider med Aurland barne- og ungdomsskule og tek jamleg imot ungdomskuleelevar på hospitering/landbrukspraksis. Dei har elles partnarskapsavtale med Fretheim Hotell, Aurland Natur- og Kulturarv og Aurland Naturverkstad.



Sogn Jord- og Hagebruksskule;  
5745 Aurland  
Tlf.: 57 63 26 50  
sjh@sfj.no  
www.sjh.vgs.no

Med støtte frå:

Aurland Sparebank

Namn: Øystein Skjæveland  
Alder: 41, gift med Una Kolle, to gutar på fem og eitt år  
Arbeidsgjevar: Isrosa  
Stilling: Gründer og iskrem-bonde  
Oppvaksen: Stord i Hordaland



– Den første iskremen laga eg til ein skulefest i Aurland.

## ØKOLOGISK ER DET DIGGASTE ALTERNATIVET

I Aurland er det mange aktiv og kreative sjeler som er flinke å få til aktivitetar innanfor naturbruk og matfag. Og sjølve kremen av iskrem i Aurland når det gjeld inspirasjon, opplæring og rekruttering på dette området, er Sogn Jord- og Hagebruksskule. Og når vi snakkar om iskrem – det var i Aurland eventyret om den økologiske iskremprodusenten Isrosa starta.

Tekst: Geir Arne Solheim Foto: Otto Erstrand

Sogn Jord- og Hagebruksskule er Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt vidaregåande opplæringsstilbod i Aurland. Skulen underviser i økologisk landbruk og berekraftig samfunnsutvikling, og det økologisk drivne gardsbruket ved skulen er det viktigaste klasserommet. Det var her Øystein Skjæveland (41) fekk inspirasjon til å starte bedrift med gardsproduksjon av herleg, økologisk iskrem. Økologisk er in. På Øyafestivalen er til dømes økologisk mat det ”diggaste” alternativet!

### Eigen arbeidsplass

Isrosa er varemerket for økologisk iskrem og fruktis laga av verksemda Norsk økois, som Øystein Skjæveland og kona Una Kolle eig og driv i fellesskap. Både Una og Øystein har vore elevar ved Sogn Jord- og Hagebruksskule, og det var nettopp i Aurland at dei starta opp den spanande bedrifta.

– Vi hadde lyst å skape vår eigen arbeidsplass heime på garden og gjekk difor på Sogn Jord- og Hagebruksskule for å lære meir om økologisk landbruk og sjølvforsyning med mat, forklarar Øystein, som no har vore ismakar i elleve år.

### Dessert til skulefest

– Den første iskremen laga eg til ein skulefest i Aurland, fortel Øystein.

Isen slo godt an blant medelevarne, og seinare fekk han sjansen

til å følgje opp ideen i faget foredling og omsetning. Her skal alle elevane prøve ut ein forretningsidé som ein kan drive med på eit gardsbruk.

– Seinare vart eg beden med på ulike marknader og messer for å selje is, og så har snøballen berre rulla og rulla, seier Øystein.

Det siste året har iskremen vore laga på garden i Kvinnherad, men det er framleis elevoppgåva frå Sogn Jord- og Hagebruksskule i Aurland som ligg til grunn for prosjektet.

### Økologisk is

Isrosa-is får du kjøpt på marknader, torgdagar og festivalar, for det meste i sommarhalvåret. Du får òg kjøpt isen i ein del butikkar, kafear og restaurantar rundt om i landet. Det spesielle med isen er først og fremst at han er økologisk.

– Det vil seie at råvarene til isen kjem frå økologisk landbruk. Det gjeld både mjølk, fløyte, egg, sukker, frukt, bær, sjokolade, kakao, krydder og så vidare. Her er det kvalitet som gjeld, seier Øystein.

Øystein og Una budde nokre år i Aurland etter jordbruksskulen og leita etter gard mange stader. Så dukka det opp ein gard i nærleiken av familien i Herøysundet i Kvinnherad i Hordaland, og der har dei budd sidan 2006. Likevel er dette å rekne som eit ekte aurlandseventyr som gjev inspirasjon til vidare satsing i kommunen!